

**Til stades: Kari Tysnes Kjos, Tone Nygård, Berit Bergsvåg, Nils Vestbøstad, Mikal Saltvik, Helene Hystad, Unn Sara spissøy**

**Sakliste:**

1. Arbeidsmøte
2. Årsmøte 2024
3. Hageruphuset/Ny treffstad
4. Ymse

**punkt 1**

Oppdraget for arbeidsmøte var å skrive på julekort til medlemmer som ikkje var til stades på julemøtet. Det vart laga til konvolutter med sjokoladeeske saman med julekortet, og adressert til 51 medlemmer. Dette er blitt ein tradisjon som medlemmane set pris på.

**Punkt 2**

Årsmøtet vart planlagt til siste halvdel av februar. Mikal tingar Solidhuset, god erfaring frå i fjor. Same meny. Kjellaug K. Jota blir invitert som gjest og foredragshaldar. Unn tar kontakt. Årsmelding må foreligge før søknad til «Onkelfondet». Me lagar Årsmelding saman på neste styremøte.

**Punkt 3**

Etter nyttår er ikkje Hageruphuset i drift på same måte som før. Me avslutter våre treff der. I staden vil me starte opp med treff på «Kjøkken og kafe`» på Heiane Storsenter. Oppstart torsdag 18.1.2024. Deretter kvar 3. torsdag i mnd

**Punkt 4**

Evaluering av julemøte. Godt gjennomført julemøte med god mat og trivelig matøkt. Utlodning med matnyttige gevinster slår godt an. Det som kan bli bedre er informasjon i forkant om kor lenge bordsetet kan vare, og om muligheten til å fortsette praten i sittegruppa i rommet i foajeèn.

**Neste styremøte: 10.01.2024**

Adr. Hamnegata 2, Meierikvarteret.